

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.02.2017
SAKSHANDSAMAR: Kst. Administrerende direktør Ola Rye
SAKA GJELD: **Styresaker til oppfølging per 22.02.2017**
ARKIVSAK:
STYRESAK: **003/17**
STYREMØTE: **01.03.2017**

Administrerende direktør si orientering punkt 9

Administrasjonen har gått gjennom alle styresaker i 2016 der styret har bedt om oppfølging frå administrasjonen og sett opp status, sjå tabell under. Frå neste styremøte er vil tilsvarande status vert rapportert for opne saker.

Sak	Frå	Framdrift	Status
004/16 Forslag til årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2015	26.02.2016 Vedtak : ... Styret ber om at Årsrekneskap for 2015 vert oppdatert med innspel frå styret og lagt frem for endeleg godkjenning i styremøte 13.04.2016.	Årsmelding og Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest HF vart avlagt av styret 13.04.2016	Lukka
005/16 Forslag til Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2015	26.02.2016 Vedtak :Styret ber om at Årsmelding for 2015 vert oppdatert med innspel frå styret og lagt fram for endeleg godkjenning i styremøte 13.04.2016.		
006/16 Risikostyringsparameter 2016	26.02.2016 Vedtak :... Styret legg til grunn at SAV aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.	Risikostyring er rapportert til styret i SAV i februar, mai og oktober 2016, i Årleg melding for 2016 til Helse Vest i januar 2017. Terje Tertial 2016 er kort summert opp i verksemdsrapport til styret 1.3.2017.	Lukka
015/16 Styringsdokument 2016	13.04.2016 Vedtak ... Styret ber administrasjonen fokusere/ prioritere særskilt på dei områda styret har kommentert på i møtet. Styret legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest og følgjer opp legemiddelmangel i sitt arbeid med å levere innanfor krav i styringsdokumentet. Administrasjonen vert bedne om å rapportere på Styringsdokument 2016 for Sjukehusapoteka Vest HF i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF.	Årleg melding er vedteken av styret den 14.12.2016 (Sak 068/16). Meldinga konkluderte med at SAV har levert på alle styringskrav i 2016. Årleg melding er sendt til Helse Vest etter den 13.1.2017	Lukka

017/16 Samhandling med kommunane	13.04.2016 VedtakStyret ynskjer at det vert utført ei juridisk vurdering av handlingsrommet for Sjukehusapoteka Vest med omsyn til samarbeid med kommunane.	Juridisk vurdering utført av Helse Vest den 21.08.2016 (Sak 044/16) med anbefaling om å vidareføre dagens praksis. Styret bad administrasjonen vidareføre dagens praksis samt arbeide med å avklare korleis SAV kan delta i samarbeidsavtalar mellom sjukehusføretaka og kommunane. SAV deltek i arbeidsgruppe leia av Helse Førde om delavtale legemiddel i Sogn og Fjordane. Ikkje avslutta.	Til oppfølging
023/16 Administrerande Direktør si orientering –04 Status utgreining organisering av sjukehusapotekføretak	11.05.2016 Vedtak .. Styret ber om at mandat for utgreining organisering av sjukehusapotekføretak vert sendt til styret når dette føreligg.	Saka om mandat og arbeid med utredning av nasjonalt føretak var handsama av styret 23.06.2016 (Sak 032/16), 30.08.2016 (Sak 037/16), 04.10.2016 (Sak 047/16) , 09.11.2016 (Sak 058/16) og 17.11.2016 (Sak 062/16) . Saka er avslutta gjennom konklusjon i nasjonalt admøte om at nasjonalt føretak ikkje vert etablert.	Lukka
024/16 Årleg gjennomgang av styrande dokument	11.05.2016 VedtakStyret ber Administrasjonen i dialog med eigar vurdere å oppdatere vedtekter pkt. 5.2 , oppdatere tal styremedlemmer i Styreinstruks pkt. 2 samt påføre revisjonsdato i dokumenta.	Vedteker er oppdatert i og meldt som sak til føretaksmøte. Styreinstruks er oppdatert. Oppdaterte dokument vert lagt fram for styret 30.05.2016.	Til oppfølging
028/16 Langtidsbudsjett 2017-21	11.05.2016 Vedtak , Styret vil følge utvikling innan gevinstreiser etter ombygging publikum ved Sjukehusapoteket i Bergen og ynskjer at det vert arbeid vidare med samstemming med budsjetta til sjukehusføretaka.	Ombygging i Bergen er gjennomført i 2016 innan budsjett og resultat frå drifta inngår i verksemdsrapportering.	Lukka (resultat til publikum til oppfølging)
029/16 Verksemdsrapport per mars 2016	11.05.2016 Vedtak Styret ber administrasjonen gje styret ei orientering om arbeidet med sjukefråvær i neste møte.	Styret fekk orientering om sjukefråvære i eiga sak 30.08.2016 Sak 043/16.	Lukka (fokus på sjukefråvær held fram. IA mål er revidert)
038 /16 Budsjettprosess 2017	30.08.2016 Vedtak ...Styret sluttar seg til føreslegen prosess og framdriftsplan for budsjettprosess 2017, og ber administrasjonen innarbeide innspel og føringar til mål og føresetnader i det vidare budsjettarbeidet.	Budsjett for 2017 vart vedteke av styret den 14.12..2016	Lukka
Sak 050 /16 Årsplan for Styret 2017	04.10.2016 Vedtak ..Styret vedtek årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2017 med endringar i møtedatoar første halvår. Administrasjonen utarbeider oppdatert plan.	Årsplan for styret er oppdatert i to omgangar 09.11.2016 (Sak 059/16) og 17.11.2016 (Sak 063716) og føreligg no i endeleg versjon	Lukka
Sak 051/16 Brukarundersøking 2016	04.10.2016 Vedtak ...Styret tek saka til vitande og ber administrasjonen om å følge opp relevante tiltak	Brukarundersøking var gjennomført for publikum og tiltak er til oppfølging gjennom eige utviklingsprosjekt.	Lukka

052/16 Lukka legemiddelsøyfe og produksjon av eindose	04.10.2016 Vedtak ..Styret tek saka til orientering og ber administrasjonen melde saka inn til Helse Vest RHF.	Saka er følgt opp ved nedsett arbeidsgruppe i samarbeid mellom SAV og Helse Stavanger for vurdering av legemiddellogistikk ved nytt sjukehus i Stavanger. Arbeidet er meint å være første steg i regional vurdering.	Til oppfølging
069/16 Systemstøtte til legemiddelkjeda og sjukehusapotek	14.12.2016 Vedtak ..Styret ber om at administrasjonen utarbeider eit notat til neste styremøte den 1. mars 2017 om utvikling i saka med tanke på framdrift, risiko og tidslinje i arbeidet.	Notat ligg ved Sak 010/17 til styret 1.3.2016	Til oppfølging
Sak 073/16 Styret si eigen evaluering og vurdering av administrerande direktør	14.12.2016 Vedtak...Oppsummering blir sendt Helse Vest RHF, som samordnar og sender samla oppsummering frå Helse Vest til Helse- og omsorgsdepartementet.	Sendt til Helse Vest 02.01.2017	Lukka